

Støtteordning for privatarkiv

– i museum OG arkiv

Etter alt å døme skal arkivinstitusjonar på nytt kunne søkje støtte frå Kulturrådets ordning for privatarkiv frå hausten av.



– STØTTEORDNINGA blei til som resultat av LLPs mangeårige kamp, seier nestleiar i LLP Tom Oddby. Foto:Privat

MUSEUM og arkiv bør fortsette å samarbeide, sier Liv Ramskjær, generalsekretær i Norges Museumsforbund. Foto: Anne E. Bye.

Tekst: Signy Norendal

I Arkivmeldinga, som blei handsama i Stortinget i fjor, blei det varsla at støtteordninga til privatarkiv (del av post 77 "Prosjekt og utviklingsmidler for arkiv og museum" i Kulturrådet) i framtida berre skulle gjelde privatarkivprosjekt som var såkalla museumsrelevante. Det fekk arkivinstitusjoner landet over til å slå alarm: No ville dei miste den einaste statlege støtteordninga som fanst til å arbeide med privatarkiv.

Eit fleirtal i Stortinget stilte seg den gongen bak forslaget om å legge om ordninga, men den dåværande opposisjonen protesterte på forslaget.

– Dette er veldig frustrerende for mange arkivinstitusjonar, som har mista moglegheita til å få støtte til privatarkivprosjekta sine, seier Tom Oddby, byarkivar i Drammen kommune og nestleiar i Landslaget for privatarkiv (LLP).

– Vi treng støtteordninga

Han fortel at støtteordninga, som blei til i 2010 som resultat av LLP sin mangeårige kamp, har vore ekstremt viktig for privatarkiva. Dei fleste arkivinstitusjonar jobber med privatarkiv utan offentlege driftsmiddel. Og middel frå eigaren av privatarkivet følgjer svært sjelden med.

– Difor treng vi støtteordningar. Vi kan fortsatt søke på andre ordningar i Kulturrådet, til dømes frå Kulturfondet. Men desse har andre formål, og då må vi bruke andre argument og skreddersy søknaden så den passar til utlysningsteksten, seier Oddby.

Ønksjer ikkje kamp om kronene

Generalsekretær i Norges museumsforbund Liv Ramskjær er ikkje spesielt nøgd med den nye innrettinga:

– Museumsforbundet ønskjer ikkje at det skal bli ein kamp mellom museum og arkiv om ressurser til arkivordning. Musea forvaltar store mengder privatarkiv, som det er behov for ordning av, og støtteordninga har bidratt til at fleire av desse er blitt meir tilgjengelege for bruk. Slik ordninga er blitt no må musea stå som søkjarar. Men det

er jo fortsatt mogleg å samarbeide, noko museum og arkiv bør benytte seg av, seier Ramskjær.

Utlysningsteksten er forklaringa

Då Museumsnytt skreiv om saka i fjor forklarte Kulturdepartementet endringa med at det var behov for ei avklaring av oppgåvedelinga mellom Kulturrådet og Arkivverket.

Under debatten om Arkivmeldinga var Olemic Thomassen (H) blant dei som kritiserte forslaget om omlegging av ordninga. Så kom regjeringsskiftet, ei ny samansetting i Stortinget og eit nytt budsjettforslag. Med ei Høgre-regjering ville det kanskje vore merkeleg om forslaget blei fulgt opp. Når det ikkje lenger er eit stortingsfleirtal som står bak handsaminga av denne delen av meldinga, er heller ikkje departementet forplikta til å følgje han opp. Og ganske riktig står ikkje den nye innrettinga nemnd med eit ord i budsjettproposisjonen for 2014. Heller ikkje i tildelingsbrevet til Kulturrådet er saka nemnd, der er omtalen av ordninga tvert imot prega av betydeleg færre føringar enn tidlegare.

Då midla blei utdelt i februar i år var det likevel ikkje ein arkivinstitusjon som fekk tildeling over støtteordninga for privatarkiv. Korleis kan dette ha seg? Vi må til Kulturdepartementet for å få svar:

– Forklaringa er at retningslinjene for Støtteordninga for privatarkiv for 2014 vart kunngjort før budsjettproposisjonen for 2014 vart lagt fram og før tildelingsbrevet for 2014 vart sendt, sier ekspedisjonssjef i Kulturvernavdelinga Roy Kristiansen, og utdjupar:

Opp til Kulturrådet

– Hausten 2012 vart stortingsmeldinga om arkiv lagt fram av Regjeringa Stoltenberg II. Tildelingsbrevet frå departementet til Kulturrådet vart sendt i januar 2013. I dette brevet viste departementet til at ein i arkivmeldinga har lagt til grunn at løyvinga på kapittel 320 post 77 blir vidareført. Departementet opplyste at det i den samanhengen er naturleg at Kulturrådet rettar støtteordninga for privatarkiv inn mot museumsfagleg relevante arkivprosjekt. I starten


på september 2013 kunngjorde Norsk kulturråd retningslinjene for støtteordninga for privatarkiv for 2014. I utarbeiding av desse retningslinjene tok Kulturrådet utgangspunkt i føringane i departementets tildelingsbrevet for 2013. Søknadsfristen var 15. november 2013. Regjeringsskiftet hausten 2013 førte mellom anna til at Kulturdepartementet ikkje la føring om målretting av støtteordninga for privatarkiv mot museumsrelevante arkiv i tildelingsbrevet som vart sendt til Kulturrådet i desember 2013.

– Inneber dette at det i framtida vil bli mogleg på nytt å få støtte frå denne ordninga, også for arkivinstitusjonane, sjøl utan eit "museumsrelevant" prosjekt? Altså – slik som før?

– I tildelingsbrevet for 2014 er det ikkje lagt føringar om å målrette støtteordninga mot museumsfagleg relevante arkivprosjekt. Det vil derfor vere opp til Norsk kulturråd å ta stilling til om ei slik målretting skal vere med i retningslinjene støtteordninga for 2015, svarer Kristiansen.

Støtteordninga for privatarkiv

- Støtteordninga for privatarkiv er ein del av post 77 på kulturbudsjettet, og vert forvalta av Norsk kulturråd.
- Ordninga har eksistert sidan 2010, og har dei sista åra lege på totalt ca 3-4 millionar kroner. Både museumsarkiv og andre arkivinstitusjonar har kunna søke.
- Post 77 inneheld også middel til prosjekt- og utviklingstiltak for arkiv og museer og sikringsmiddel til museer.
- Kulturdepartementet la 9. november 2012 fram St.meld. nr. 7 (2012-2013) Arkiv.
- Arkivmeldinga la opp til at Kulturrådet skulle rette støtteordninga for privatarkiv inn mot museumsfagleg relevante arkivprosjekt. Dette vart støtta av eit fleirtal i Stortinget under stortingshandsaminga av melding i mars 2013, til protester frå opposisjonen.
- Det var den gong uklart om den nye innrettinga også skulle gjelde utviklingsmidla til arkiv og museer. Dette er seinare blitt avklart at den ikkje skulle.
- I og med regjeringsskiftet står det ikkje lenger eit fleirtal på Stortinget bak denne delen av arkivmeldinga, og den nye innrettinga står heller ikkje nemnt i tildelingsbrevet til Kulturrådet for 2014.
- Likevel fekk ingen arkivinstitusjonar innvilga søknader over støtteordninga for privatarkiv i år.



DuVerden søker utviklingsleder

DuVerden er et sjøfartsmuseum og vitensenter med fokus på teknologi, naturvitenskap og matematikk samt maritim kultur og historie. Vi har blitt regionens nye store attraksjon med 10 000 besøkende på kort tid og søker nå etter en utviklingsleder som vil være med på å styrke samt fornye tilbudet mot skoler og fritidsmarkedet.

Arbeidsoppgaver:

- Drive kontinuerlig utvikling og innovasjon på bedriftens maritime utstillinger, pedagogisk tilbud og innhold i samarbeid med pedagogisk leder.
- Ha ansvar for utvikling og innovasjon på maritime temaer.
- Bidra som tekstforfatter på faglig innhold på installasjoner og pedagogisk tilbud.
- Etablere og utvikle samarbeid med andre sjøfartsmuseer, utdanningsinstitusjoner og andre maritime aktører
- Bidra med formidling av DuVerdens pedagogiske tilbud.

For mer info se vår hjemmeside: www.du-verden.no

 **DUVERDEN**
SJØFARTSMUSEUM + VITENSENTER